

Innspel til Fitjar kommune kring SFO på Selevik Skule

Administrasjonen i Fitjar kommune føreslår i framlegg til budsjett for 2021 og økonomiplan 2021-2024 blant anna å leggje ned SFO-tilbodet på Selevik Skule.

FAU ynskjer med dette å kome med ei sterk oppfordring til å finne midlar til vidare drift av SFO på Selevik. I krinsen bur fleire foreldre og føresette som er avhengig av dette tilbodet.

FAU ser ikkje korleis ei nedlegging av SFO-tilbodet på Selevik Skule skal kunne løysast praktisk og økonomisk. Skal born med full SFO køyrast av foreldra til Rimbareid på morgonen, deretter skyssast til og frå nærskulen av SFO, før dei på ettermiddagen blir henta att av foreldra på SFO Rimbareid?

Dette vil i så fall:

- Gjere det umogleg for mange foreldre å rekke jobb og/eller SFO, då dei fleste jobbar på Stord.
- Føre til at born som i dag går til skulen, i staden må skyssa att og fram i bil i opptil to timar dagleg.
- Vere svært lite fleksibel, og i praksis bety at ein enten må ha full morgon-/ettermiddag SFO eller ingen.
- Føre til store skysskostnadar for transport mellom SFO og nærskulen.

Fitjar kommune er pliktig å tilby SFO for alle 1-4. klassingar i kommunen. Slik forslaget ligg føre vil det ikkje vere mogleg for familiar i Selevik krins å nytte seg av SFO-tilbodet sjølv om dei treng det.

Argumentet om at få nyttar SFO stemmer ikkje heilt. I 1. og 2. klasse nyttar dei aller fleste seg av SFO-tilbodet på Selevik skule. Det er ikkje noko som tyder på at behovet er minkande i åra som kjem, heller tvert om. Me ynskjer òg å vektlegge at dette er eit spesielt år, der ein del foreldre har vore meir heimeverande enn normalt (heimekontor/permittert). Dette kan igjen påverke kor mange born som nyttar seg av tilbodet, då spesielt på mellomtrinnet.

SFO er eit tilbod barnefamiliar treng og forventar frå kommunen. Skal Fitjar kommune i framtida vere ein attraktiv stad å etablere seg må dette tilbodet ikkje bere vera på plass, men også tryggast.

FAU Selevik oppmodar difor Fitjar Kommune om å behalde SFO lokalt ved skulen, slik at foreldre og born kan nytte seg av tilbodet.

Med venleg helsing
FAU Selevik